

# Kyrkjeblad for Vestre Slidre



Foto: Anne Karin Ruud Truberg


Nokon må passe ordet  
slik at det ikke fell ned i søla  
og blir trakka på.

Nokon må dyrke ordet,  
leggje det i vårvarm jord  
nær innved menneska  
slik at grøda blir hausta

Om hausten må vi halde takkefest  
og bere grøda fram  
med song og dans.

Nokon må elske ordet  
og reinske bort ugras der det gror.  
Nokon må bruke ordet.  
Berre ved bruk blir det vakkert.

Marie Takvam, 1987



# *Eit biletet å feste håpet til*

## Juleandakt 2024

«Ere vere Gud i det høgste, og fred på jorda blant menneske Gud har glede i», song ein stor himmelhær over verda julenatt, og over det vesle barnet i krubba.

«Å sjå det store i det små» har vorte eit uttrykk for oss, på mange måtar ein klisjé. Men klisjéar held ofte ei sanning. Og er det noko eg har vorte mint på når eg har reist i heile bispedømmet, er det nettopp å sjå det store i det små. I møte med menneske sine liv og lengsler, og behov for tryggleik og fellesskap lokalt, rører vi ved liv, lengsler og behov i verda. I møte med sorgjande som har mist ein av sine kjære, eller i møte med nybakte foreldre, blir kjærleiken og omsorga som er universell vekt. Granskar vi mikroorganismar i naturen, eller gler oss over ei bie eller ein blome, får vi samstundes ein glimt av universets mysterium og heile det uendelige kosmos. Eg har lært å sjå det store i det små, fordi Gud kom til verda i eit lite barn. Fordi Gud let seg fødast til jorda. Ordet som vart menneske. Kan du sjå det store i det små?

Ordet skapte lyset den morgonen. Gud sa: «Det skal bli lys!» Og det vart lys! Dette Ordet blir fødd på ny og blir lys som skin i mørkeret, ja, som skin for kvart menneske. Slik opnar evangeliet til Johannes. I kunsten kjem dette til syne gjennom måleri av Jesu fødsel. Det finst ikkje lys i stallen. Lyset i måleriet strålar ut frå barnet. Og det er dette lyset som skin på alle dei andre i stallen. På stolte og slitne foreldre. På fattige og litt forskremde gjetarar. På dyr og detaljar i rommet. Det lyser på alt det skapte, og skapar ny verkelegheit. Slik tolkar kunsten den verkelegheita som vert skapt i Jesu fødsel og i Guds kome til verda. «Det som



Skjåk 0178 foto Stesen Laursen.

vart til i han, var liv, og livet var lyset for menneska. Lyset skin i mørkret, og mørkret har ikkje overvunne det».

Jula kjem med ei gavet til oss alle. Den kan verke lita og ubetydeleg. Berre ord? – ei forteljing om ein fødsel? Men Jesus skapar ein skilnad. Juleevangeliet gir oss eit biletet å feste håpet til.

Ser vi det store i det små? Nå som verda feirar jul igjen, møtest vi av evangeliet om nåde, håp og glede. Vågar vi tru det, som gjetarane på markene? Når vi tenner lysa, syng og samlast og et – i kyrkje-rommet og i alle andre rom i høgtida. Over heile verda, der kontrastane er så store at dei nesten ikkje er til å halde ut, og når verkelegheita slår imot oss, ligg det ei bøn og eit levande håp i julefeiringa vår. Eit lys som skin i mørkret. I Ordet som skapar lyset og livet. I Gud som kjem – får vi også tru.

**Ole Kristian Bonden**  
biskop



Adoration of the Child av Gerrit van Honthorst avfotografert frå Uffizigalleriet i Firenze.

# Unik mulighet 29. mars 2025

Planlegger du og din kjære bryllup, men ønsker å gjøre det litt annerledes?

I samarbeid med Vaset Skiheiser, overnatningsbedriftene på Vaset og Vestre Slidre Kirkekontor, ønsker vi å tilby dere en bryllupsseremoni litt utenom det vanlige.

Drømmer dere om et bryllup som skiller seg ut fra mengden, omgitt av flott natur? På toppen av skiheisen her på Vaset i Valdres kan dere gi hverandre «ja» med panoramautsikt – 1050 meter over havet. Her får dere en unik bryllupsopplevelse, med en nydelig utsikt over Valdres og Jotunheimen.

## Hvordan går vi fram?

Vi ønsker å gjøre det så enkelt så mulig for parene som skal gifte seg, hvor det aller meste er ordnet på forhånd. Før den store dagen, må parene registrere seg hos kirkekontoret i Vestre Slidre kommune, og for å kunne bli viet, trenger de en vigselsattest. Resten fikser vi.

Frist for registrering og for å sende inn vigselsattest er lørdag 8. mars 2025.

Registrer dere hos Kirkekontoret i Slidre pr. epost:  
[JS593@kyrkja.no](mailto:JS593@kyrkja.no)

## Praktisk info

Det blir opp til 10 vieler denne dagen. Her er det førstemann – og kvinne til møl...topps som gjelder! Seremoniene skjer mellom kl.12.00 og kl.16.00. Det legges opp til 15-20 minutter pr. seremoni. Oppmøte til seremoni på toppen av bakken 10 minutter før start. Kirken stiller med musikk, pynt, og litt varmt å drikke og snacks.

Vi kan være behjelpeelige med vitner, for de som ikke har det.

## Hvor og når

Datoen er lørdag 29. mars 2025, og stedet er toppen av Vaset Skiheiser, på Vaset i Valdres.

## Priser

Lokale (innbyggere i Vestre Slidre kommune): kr. 500,-  
Utenbygds: kr. 3000,-

## Fotografering

Vaset Vekst ordner med fotograf til de som ønsker fotografering under vielsen. Priser og mer informasjon om dette kommer.

## Skyss til topps

Det er mange måter å komme seg til toppen av skiheisen



på. Brudeparene og vitner kan kjøpe heiskort og ta skiheisen til toppen. Ønsker man å komme seg opp på andre måter – det være seg til fots, på truger eller på Randonne – er det helt opp til hvert enkelt par. Bare pass på å rekke fram i tide til seremonien starter!

Skulle noen i følget trenge skyss til topps, kan Skiheisen stille med snøscooter. Priser og mer informasjon om dette kommer.

## Ta bryllupsfesten på Vaset

Etter vielsen kan bryllupsfeiringen fortsette hos en av de mange flotte lokalene vi har her på Vaset. Her finnes det flere egnede overnattingsteder og selskapslokaler – for store og små arrangement. Ønsker dere bryllupshelg med overnatting og «full pakke», eller kun en middag med de nærmeste? Her er det noe for enhver smak. Fra skiheisen er det kort avstand til alle selskapslokalene – man kan faktisk kjøre ski fra toppen til både Gomobu, Brennabu og Vasetstolen. Nøsen ligger ca. 15 minutter fra Vaset.

Bryllup i dag og fest senere? Ta kontakt med en av våre overnatningsbedrifter og selskapslokaler for mer informasjon om ledige datoer senere i 2025.

## Janne Sukka

**Sokneprest, Vestre Slidre**  
Fengselsprest, Slidreøya  
Mobil: 458 61 038  
e-post: [js593@kyrkja.no](mailto:js593@kyrkja.no)

# *Josef*

## DEN SMÅLÅTNE FOSTERFAREN SOM INGEN LA SÆRLEG AKT PÅ – men han var av Davids hus og ætt!

Josef var den fattige, men rettskafne handverkaren frå Nasaret som vart gift med jomfru Maria. Alt vi veit om han har vi stort sett frå juleevangeliet, utanom det finn vi svært lite i Bibelen om han, bortsett frå episoden der han og Maria fann att tolvåringen Jesus i tempelet.



*Josef og Jesus* av Guido Reni.

### UNG ELLER GAMAL?

Det er ingen grunn til å tru noko anna enn at Josef var ein ung mann då han trulova seg med Maria, men legendene i dei apokryfe skriftene (skrifter som ikkje kom ned i Bibelen) vil gjerne ha det til noko anna. Særleg er dette handsama i det såkalla *Jakobs Protoevangelium*, der det heiter at Josef hadde vore gift tidlegare og at Jesu brør, som og er omtala i evangelia, var Josefs barn frå eit tidlegare ekteskap. Av denne grunn hadde kunstnarane lenge framstilt Josef som ein gammal mann på bileta sine, der Josef ser gammal ut, og *Holy family under ei palme* av Rafael, der Josef er meir i høveleg alder).



*Den heilage familien* av Sandro Botticelli.

### TOLV FRIARAR TIL JOMFRU MARIA

Like «apokryf» er soga om tolv friarar som tevla om Maria si hand. Den fortel at desse tolv gav frå seg stavane sine til ypperstepresten, slik at han skulle kunne avgjera kven som var best eigna til ektemann for den unge Maria. Resultatet var – som ein kan vente – at på Josef sin stav – og berre den – hadde det sprunge ut friske skot. Det var tegnet på at han og ingen annan var den rette. Slik vart det dei to I denne versjonen og.

### TRULOVING OG EKTESKAP

På den tida Maria og Josef levde gjekk bryllaups-seremonien føre seg i to faser. Den første var sjølve trulovinga, som gjorde dei til eit offisielt par. Sjølv om kvinna framleis budde heime hjå foreldra sine, var ho no ansett som gift.

Det var under denne perioden Maria vart vitja av engelen Gabriel og fekk bod om at ho skulle bli med barn og føde Guds son, noko som kom brått på, og tyktest for henne både uventa og umuleg, sidan ho ikkje hadde vore



*Bebudelsen* av Leonardo da Vinci.



*Elisabeth og Maria* av Roger van der Weyden.

Etter jødisk lov var ei truloving bindande og kunne berre løysast opp ved skilsmisse. Omgrepet «trulova» vart brukt om ektefeller heilt til ekteskapet var fullbyrda.

saman med nokon mann. Men slik vart det, og eit barn var ustoppelig på veg... Så drog ho på vitjing til slektingen sin, Elisabeth, som skulle bli mor til Johannes døyparen.



*Jomfru Marias trolovelse* av Vanni Lippo.

### KRISE?

Maria kunne sjølv sagt ikkje løyne tilstanden sin i lengda, og på beste måte hadde ho sikkert prøvd å informere Josef så godt ho kunne, men det var nok ganske problematisk å få han til å fatte innhaldet i det ho sa.

Korleis skulle han kunne tru på eller godta det ho fortalte? Var det lygn, dikt, fantasi, eventyr eller sanning?

Josef var neppe budd på at brura allereie var på veg med eit barn som på ingen måte kunne vera hans – og hennar forklaring på dette måtte ha gått langt over hans fatteevne.

Han var ein sindig mann, og ville ikkje Maria noko vondt. Etter lova kunne han no gjera Maria offentleg til skamme, men slik audmuking unte han henne ikkje.




*Josefs tvil* av Upper Remish Mester ca 1430.

Samstundes kan det vera grunn til å tru at han grubla ei god stund på kva han skulle gjera, – tankar som svartsjuke og skam kunne vel neppe ligge så langt unna - kva hadde ho eigentleg halde på med? Tvilens gnog. Etter ei tid fann han ut at det beste var å skilje seg frå Maria i det stille, og sidan takle situasjonen så godt og diskret det let seg gjera.

### STRAFF!

Det var på den tida streng straff for synder som hor og utruskap. Kvinner som blei gravide etter utanom-ekteskapelege eskapader, vart utan nåde steina til døden. Ingen ting vart ved slike høve nemnt om at det faktisk måtte vera ein part til i ei slik sak...



*Steining* av Abu'l Hasan Ghaffa'n.

### DRAUM

Natta før Josef skulle presentere skilsmissesplanane, sov han därleg. Gjennom ein draum fekk han bod frå ein engel om at guddommeleg rettferd ville noko anna og større med Maria og han. Sjølve mysteriet med *inkarnasjonen* - at Gud vart til i menneskehøm - vart tydeleggjort for han. Frå den augneblinken rann all tvilen bort, og han sa, saman med Maria, ja til ekteskapet av heile sitt hjarte. Så gjekk bryllaupsfeiringa inn i si andre fase; Maria flytte saman



*Draumen til ST Josef* av Gerard Segers 1630.

med Josef og han påtok seg med glede å bli fosterfar for det komande barnet.

### SAMAN FOR ALL TID

Så vart det Josef og Maria, som med det vesle eselet, godt nedlasta, reiste beint inn i juleevangeliet, til Betlehem og sidan til Egypt for å berge Jesusbarnet unna den krigerske og blodtyrste kong Herodes. Sidan busette dei seg i Nasaret.



*Josef med Maria på eselet.*

### ST JOSEPH

Vi veit ikkje når Josef døydde, men det må ha vore før krossfestinga av Jesus, ettersom vi berre hører om Maria på dette tidspunktet. Forteljingane om Josef gjev inntrykk av ein rettferdig og vennleg mann, alltid klar til handling, bestemt og fast som hjelpar og støtte - men alltid som operator i bakgrunnen.

På 400-500 talet vart det skapt ein liturgisk kult rundt Josef sitt ettermæle. Den oppstod visstnok først i aust, men voks i omfang i vesten noko seinare. Middelalderhelgenar som Bernhard av Clairvaux, Birgitta av Sverige og Bernardin av Siena med fleire var forkjemparar av denne kulten.

Fransiskanermunken Bernardin av Siena såg i han eit førebilde for den gode og omsorgsfulle familiefar. Han vart vernehelgen for familiar, alle slags heimar, hospits og sjukehus - og for ein god død.

## HISTORIA OM JOSEF TØMMERMANNEN

Dette er ei legendarisk forteljing om St. Josefs eigen død. I den får vi høre at Josef er redd for døden og er full av samvitsnag, men vert trøysta av orda frå Maria og Jesus, som gjev lovnad om vern og liv til alle som gjorde godt i Josefs namn.



St Josephs død av Jack Stella.

## Den heilageJosef, handverkaren.

8. desember 1870 utnemnde Pave Pius IX den heilage Josef til vernehelgen for Universalkyrkja. Dette utvikla seg etter kvart til ein årleg festdag som til slutt vart lagt til 1.mai 1956.

I den verdslege verda hadde arbeidarar lenge feira 1.mai som ein dag til ære for arbeidet og som symbol på oppnådd rett.



Josef handverkaren av George de la Tour 1645.

Dagen var og ein kyrkjeleg heilagdag, og pave Pius XII uttrykte håp om at festen for Josef markerer arbeidets verdi, og med det gje ein åndeleg dimensjon til fagforeiningar...

St. Joseph er utanom det vernehelgen for Mexico, Filippinene, Canada, Böhmen, Bayern, Østerrike, Peru, Tirol, Steiermark, Osnabrück og Køln; for brorskap og ordensfelleskap oppattkalla etter han; for arbeidarar og handverkerar, særleg tømmermenn og snikkarar; for kyrkjegardsgravavarar, vedhoggarar og ingeniørar, for familiar, oppdragagarar, ektepar og familiefedrar, barn, unge og foreldrelause, for alle slags heimar, hospits og dei som leitar etter huslyd, reisande og forviste, for folk i vanskelege situasjoner og døyande.

Mange kyrkjer, sjukehus og religiøse grupper er vigsla til St. Josef. Vi finn dei i mange land. I Noreg har vi fleire, til dømes St. Joseph hospital i Oslo, Fredrikstad, Porsgrunn og Drammen, drive som spesialsjukehus i regi av Den katolske kyrkja. Likeeins har vi St. Josephs kyrkjer, både i Oslo og andre stader..

19. mars feirar den katolske kyrkja høgtida for den heilage Josef, Jesu fosterfar og vernehelgen for Universalkyrkja. Pave Frans gjorde året frå 8. desember 2020 til 8. desember 2021 til *Den heilage Josefs år*.

Som om dette ikkje skulle vera nok har vi ein liten godbit til slutt frå apokryfe tekster: Der står det at på grunn av alle sine prektige eigenskapar vart Josef teken opp til himmelen med både kropp og sjel.

*Sigrun Sørensen*



Josef og Jesusbarnet og den blomstrande staven av George de la Tour.

# Tonar frå Fjell

(ved 60-årsmarkeringa for Øyjar kapell, 15. september 2024)

Denne vakre kvelden midt i september vart både starta og avslutta med konserten «Tonar frå fjell». Ådne Kolbjørns-hus ynskte velkomen på vegne av Røn Sokneråd og «Hilme året rundt», og på programmet var langeleik, lyre, song og trøorgel ved Ingrid Lingaas Fossum og Vemund Olav Aukrust. Vi fekk vera med på ei musikalsk reise inn i stølslivet og fjellet med tradisjonsstoff frå både Valdres og Gudbrandsdal. Reportoaret spente frå slåttespel til lyarlæte og rolege viser, og samspelet mellom trøorgelet og langeleiken synte eit stort spenn, frå heftige og temperamentsfulle rytmer til det varaste vare. Som perler på ei snor fekk vi høyre meir og mindre kjende valdrestonar godt samanfletta med tradisjon frå grannedalføret, som td «Gammel-Storøygarden», nydeleg tralla av Ingrid, og dei to musikarane hadde nytig presentasjon av både tonar og historiar som geleida oss gjennom den musikalske reisa. Personleg syntest eg sangen «Vinstre» etter Anna Fuglesteg, med Ingrid på lyre og vokal gjorde sterkest inntrykk, vi reint såg føre oss stemningane på stølen ved Vinstervatnet om sumaren.

Konserten vart avslutta med to låttar for å heidre to av dei store inspiratorane i folkemusikken, og spesielt langeleikmusikken, som gjekk bort same veka; Elisabeth Kværne og Stein Villa. Vi fekk då høyre «Amalielåtten» – i tradisjon etter Petter Hasvoldseter frå Vardal. Ingrid fortel at Stein Villa og Marit Steinsrud har jobba mykje med å videreføre denne tradisjonen. – Og til slutt – i i særsklig lokal tradisjon – «Likferdssælmin åt Johma» – Ein verdig avslutning på jubileumsmarkeringa i Øyjar, «Det fineste nye kirkebygget i bispedømmet» (Sitat biskop Kristian Schjelderup, ved innviinga 12. april 1964)

Og ikkje nok med konserten: Det vart kaffepause med bugnande kakebord og gjærbakst av beste slag, og mulegheit for å ta ein prat med kjenstfolk både ute og inne, og i



*Velkomst til Øyjar.*

tillegg foredrag om kyrkjehistoria i Røn og Øyjar v/Mona Dalen og Johanna Fuglesteg.

Tusen takk til Røn sokneråd som arrangør, og til lykke med kyrkjejubileet!

*Marit Strømmen*



*Ingrid på langeleik.*



*Mona Dalen.*



*Vemund og Ingrid på Kraviklyre.*

# Hausttakkefest og utdeling av fireårsbok i Røn

29. september er mikkelsmess, ein av dei merkjedagane me framleis hugsar på. Denne dagen skulle all grøde vera i hus etter gamalt. Røn bygdekvinnelag, ved Kristine Tande og Lena Lisjordet, hadde teke på seg å pynte kyrkja til hausttakkefestgudsteneste akkurat mikkelsmessedagen. Desse to damene veit kva dei driv med, heile kyrkja lyser i gilde fargar med lønneblad i midtgangen, noko av årets grøde i eit trau og lyng i tillegg. Kyrkjevert Marianne hadde med potentillablomster frå hagen som små soler bakerst i kyrkja.



Oj, så mange som ser på oss.

Det kom mange spente 4 – åringer, litt forsiktige til å begynne med, heldt dei vaksne godt i handa! Janne prest og Johanna klokkar heldt preken med spørsmål og svar, og ungane fylgte godt med. Etterkvart finn dei seg meir til rette og begynner å leike seg med lønneblada, kven samlar flest, går det an å kittle kvarandre med dei?



Fireårsbok med arbeidshefte.

Litt meir høgtidelege blir dei når dei blir ropt opp for å ta imot fireårsboka si, det er moro dette òg.

Song med rørsle til er å finne i boka, Janne leier an. Me som var der denne sundagen takkar for deltakinga på alle måtar!

**Tekst: Johanna Fuglesteg  
Bilete: Marianne Tuvmarken**



God pynt!



Potentilla frå Øvrebygdha.



Sjå kor mange eg har!

# 50-års konfirmantar



1. rekke, frå venstre: Thomas Aastad, Inger Marie Rogndokken, Anne Reidun Tvenge, Anne Grethe (Lasskogen) Kvannefoss, Bjørg (Brestad) Olsen, Ole Syver Røn

2. rekke, frå venstre: Anne Berit Leithe-Husager, Inger Berit Rogn, Anne Jorunn (Evensen) Viken, Nina Elisabeth (Yrstad) Vøllo

3. rekke, frå venstre: Knut Inge Kaata Fauske, Roar Dalen, Gustav Fystro, Bjørg Oddny Hovi-Bragerhaug, Kjell Ove Gullhaug, Sigrun Trøen, Geir Kåre Opheim

## Mat og messe i Røn

15. oktober møtte me til kveldsmat i nyoppussa Røn kyrkjestogo. Marianne, Anne Marie og Ådne i Røn sokneråd hadde ordna fint til, og me kosa oss rundt bordet. Så gjekk me til kyrkjes og fekk oppleva bøn, tekstsleising, refleksjon, salmesang og nydeleg musikk. Maud Erlandsen er 14 år gamal og har allereie ein moden klang med bogestrøka sine, takk! Me tende mange lys mot natta, og fekk nattverd viiss me ville. Takk til Røn sokneråd, Janne og Jovita for ei god stund! Me kjem gjerne att til noko liknande seinare.

Tekst: Johanna Fuglesteg. Bilete: Ådne G. Kolbjørnshus



Lys i mørket.



Lystening og nydeleg musikk!



Maud og Janne.



Kveldsmat i nyoppussa kyrkjestogo.

# *Vesper i Lomen stavkyrkje*

## *7. september*

Tidebøn er ei bøn som blir beden til faste tider i løpet av dagen. Det er tradisjon for sju tidebøner.


Vesper er latinsk for kveld og viser til ei tidebøn i katolske kyrkjelydar. Den blir halden omlag ved solnedgang eller kl. 18.00. Vesperen blir ofte framført syngjande i staden for som tale.

Vokalensemplet Vox er eit blandakor frå Grorud bydel i Oslo. Dei framfører variert musikk, og med Hans W Borchgrevink som dirigent song dei alt frå ein gregoriansk hymne frå 900 – talet gjennom tradisjonell mellomaldermusikk til norske religiøse folketonar. Det var nok plass til fleire i stavkyrkja denne fine kvelden, men koret var også med på høgmessa i Slidredomen sundag 8. september, då med verk av Mozart, Grieg, Debussy, Poulenc og Saint Saëns. Velkomne attende!



*Vesper i Lomen 7. september.*

**Tekst: Johanna Fuglesteg  
Bilete: Linda Krossøy**



*Vesper i Lomen.*

# Besøk av kirkerottene i Slidredomen!

Laurdag 19.oktober kom Kirkerottene igjen på besøk til oss – denne gongen med forestillinga «Kirkerottene og kattunge». Alle 3-6 åringer i kyrkjå i Vestre Slidre hadde fått invitasjon til forestillinga i postkassa. I tillegg til at mange av dei fann fram til Slidredomen denne ettermiddagen, kom det foreldre, besteforeldre og andre som fann invitasjonen på nettsida og oppslagstavler.

Om lag 55 born og vaksne fekk med seg historia om Kirkerottene, Fredo og Vesle. Dei bur i ei kyrkje der dei blir kjend med Kari prest og andre figurar i kirkerotteuniverset, som Viggo, Kattunge og Lea Mus. Rottene er handdokker, dei både prater og syng. Historien og musikken er fengande, og det var tydeleg at borna var engasjert i forteljinga. Takk for besøket for denne gong!

Tekst og bilete: Veslemøy Kvamme



Kirkerottene.



Ungane fylgjer godt med!




Emma og bestemor Toril skal pynte på kyrkjegården i Slidre.



Marit og Emma plantar lyng på legatgravene før vinteren kjem.  
Bilete: Toril Olvik.

# Barnesida



## VASSRETT

1. Ser du i kryssordet
5. Eim
7. Anne Sande
8. Prøve
9. Verdsdel der 1 vassrett lever
12. Naske
13. Vidar Innnvik
14. Vaskefilla
16. Arne Runde
17. Pussig person
18. Bork
20. Stygg
24. Gå sakte

## LODDRETT

1. Noregs 4. største by
2. Merkeleg
3. Nølande
4. Kjepp
5. Pålegg
6. Stake
10. Tal
11. ...., ferdig, gå!
15. Tal
19. Bli større
21. Husdyr
22. Erik Lind
23. Smile

## Dei 12 sønene til Jakob

Stokk om på bokstavane og finn namna på dei 12 sønene til Jakob.

Viss du treng hjelp, slå opp i 1. Mos. 35, 22-26

SOFEJ	
EBUNR	
MIJNANEJB	
AJDU	
ISNOM	
IVLE	
SISRAKAJ	
BESUOLN	
AND	
TIFLAAN	
DAG	
RAJES	

Fasit ein annan stad i bladet!

# Lys messe

24. november kl 18.00 var det lysmesse i Lomen kyrkje. Konfirmantane deltok med lys, klokkespel og tekstlesing. Godt og stemningsfullt!

Tekst: Johanna F. Bilete: Linda Krossøy



Inn i prosesjon med tende lys.



Klokkespel løft fint, og Jovita har øvd med konfirmantane.



Ei messe i forventning om julen,  
om Jesus som vert fødd,  
og om lyset som kjem med håp til verda.

Vakkert program  
fra Jannes hand.



Mange konfirmantar las tekstar denne kvelden.

## Festeavgift

Frå 2025 aukar vi avgifta frå 150,- pr feste pr.år til 250,- pr.feste pr.år.

Avgifta har ikkje vore indeksregulert sidan den vart sett til 150,- i 2017.

Dei tre nabokommunane vil ha same sats som oss frå 2025.

Årets fakturaer for festeavgifter er no på veg til dykk. Frå neste år vil fakturaene bli sendt ut først på året.

Har de spørsmål til fakturaen/fester, ta kontakt med kyrkjeverje på mail [vk766@kyrkja.no](mailto:vk766@kyrkja.no) eller tlf. 48122137.

## Utleige av Røn kyrkjestogo

Kyrkjestogo i Røn er til leige for lag, foreiningar og privatpersonar.

Huset har dekketøy til minst 60 personar, industrioppvaskmaskin og kjøleskåp.

Leigesum er kr 1250,-

Ta kontakt med leiar av Røn sokneråd.

Marianne Tuvmarken. mob. 48211552

## Utleige av Slidre kyrkjestogo

Kyrkjestogo i Slidre er til leige for lag, foreiningar og privatpersonar.

Huset har dekketøy og plass til omlag 30 personar, det er oppvaskmaskin og kjøleskåp.

Leigesum er kr 1000,-

Ta kontakt med leiar i Slidre sokneråd,

Edith Helle, tlf 99037532

# KYRKJELEGE HANDLINGAR

15. august – 20. november 2024

Jordfesta	<b>Lomen sokn:</b>	26.09	Ola Kvissel	f. 1935
	<b>Slidre sokn:</b>	30.08	Ingrid Bjørshol	f. 1930
		06.09	Marit Trøen Tvenge	f. 1930
		13.09	Signe Finneberg	f. 1926
	<b>Røn sokn:</b>	23.08	Nils Opheim	f. 1938 (urne)
		24.10	Tora Vidste Hansegården	f. 1949
Dåp	<b>Lomen sokn:</b>	13.10	Vilja Aastad Berg	
		13.10	Åste Gustavsen Ruud	
		03.11	Trym Lome Bakke	
	<b>Slidre sokn:</b>	17.03	Johan Ildjarnstad	(bustad Eiksmarka)
		08.09	Hermine Skåren Lagrud	
		22.09	Odin Wangensten	
		22.09	Elise Kvernevik-Fosheim	
		20.10	Tobias Juvet-Haugen	

## Tid for orgelstemming!

Det var på høg tid med stemming av orgel no. Orgelstemmar Marius Lyngø kom heilt frå Fredrikstad for å gje orgla i Slidredomen og Røn eit lyft.

I Røn har det vore ein merkeleg og vond lyd i eit par måneder. Det viste seg at ein belg var sund – og at det med all sannsynlegheit var ei mus som hadde skulda!

Skinnnet rundt belgen var sund, og muselort vitna om besök.

Heldigvis hadde Marius med seg nytt skinn og hadde tid til å reparere skaden. Lytt ekstra godt til orgla i desse to kyrkjene neste gong du er der – dei har ein mykje betre lyd no!

Neste år står Lomen og Øyjar kapell for tur!

*Tekst og biletet: Veslemøy Kvamme*



## Musa i orgelet

Av Jakob Sande

Det budde ei mus i eit orgel som stod i eit kyrkjehus. Ho var ikkje nettopp nonne – berre ei orgelmus.

Ho treivs inni orgelverket for musa var musikalsk, og merka når orgeltonen var aldri so lite falsk.

Og det fekk ho ofte merke for han som var orgelnist, og han som var belgetrørar var brødrene Rosenquist.

Den eldste var belgetrørar, – ein storvomba somlekopp; men broren på klaviaturet var sprek som ein orre på topp.

Så ingen kan undrast at musa stundom vart ille ved. Men bortsett frå slikt spetakkel ho levde sitt liv i fred.

Ho hadde til levemåten, for brød sto ho aldri i beit. Det fant ho i sakristiet, men det er det ingen som veit.

Og ein gong var musa heldig, – det hende nok enno ein gong -: Ho barsla til dyr musikk av Mendelsohn's bryllupsong.

Og når det var preikesundag ho hadde si gode stund, og tok seg tilliks med hine sin vanlege sundagsblund.

Men sidan var ulykka ute: det fanst ikkje botevøn, då Rosenquist, belgetrørar, gav opp, og gjekk av på pensjon.

For bror hans fekk trumfa igjennom ein skinnbelg av likaste sort på fire til fem hestekrefter, og dermed blest musa bort.

Men likevel, kan ein vel seie, tok musa det siste stikk: Ho fauk over kyrkjetårnet til himmels med full musikk.

# MESSELISTE

Dette er den planlagte gudstenestelista. Det kan koma endringar.  
Fylg med på kyrkja si nettside og i avisa «Valdres».

<b>Dato</b>	<b>Dag</b>	<b>Tid</b>	<b>Stad</b>
<b>JANUAR</b>			
01.01.25	Nyårsdag/Jesu namnedag	12.00	Øyjar
19.01.25	3. s i openberringstida	11.00	Slidredomen
26.01.25	4. s i openberringstida	11.00	Lomen
26.01.25	Dåpsmesse	13.00	Røn
<b>FEBRUAR</b>			
09.02.25	6. s i openberringstida	11.00	Røn
16.02.25	Såmannssundag	11.00	Slidredomen
16.02.25	Dåpsmesse	13.00	Lomen
<b>MARS</b>			
02.03.25	Fastelavnssundag	11.00	Slidredomen
09.03.25	1. s i fastetida	11.00	Lomen
16.03.25	2. s i fastetida	12.00	Øyjar
29.03.25	Drop-in vigslar på Vaset	Sjå s. 3	
30.03.25	3. s i fastetida, krabbegudsteneste	12.00	Lomen
<b>APRIL</b>			
30.04.25	Palmesundag	11.00	Lomen

På kvar messe blir det teke opp takkoffer, det blir opplyst kva takkofferet går til.

## ***Ynskjer du å støtte kyrkjebladet og/eller sokna våre?***

Uten gåver frå dykk lesarar går bladet i stort minus – og målet er at drift av bladet skal gå i 0,-.

Så til til alle dykk som gjev gåver til oss – Tusen Takk!

Kontonr til kyrkjebladet er: 2153.07.09296 VIPPSnr er: 620343. Merk betaling med «kyrkjeblad».

Sokna har ulike prosjekt dei ynskjer å realisere. Viss du ynskjer å støtte, dei finn du info her:

### **Slidre Sokneråd:**

Belysning ved vassposten ved kyrkjestogo  
Liten frysar til kyrkjestogo  
Kontonr: 2153.20.03528    VIPPS:109786

### **Røn sokneråd:**

Oppussing av kyrkjestogo:  
Nye stolar  
Nye vindauge  
Gardiner og gardinstenger  
Kontonr: 2153.2003420    VIPPS:105863

### **Lomen sokneråd:**

Kvilebenker på kyrkjegården  
Kontonr: 2153.60.07250    VIPPS:137884

# KYRKJA I VESTRE SLIDRE

Kyrkjekontoret har ope for besøk frå mandag – torsdag frå kl. 09.00 – kl. 15.00.

Det vil vere stengt innimellan pga møter, kurs og befaring – prøv oss då pr. telefon.

## TILSETTE – Vestre Slidre kyrkjeleg fellesråd

Namn	Tlf.	Jobb	E-post
Janne Sukka	45861038	Sokneprest	js593@kyrkja.no
Veslemøy Kvamme	48122137	Kyrkjeverje	vk766@kyrkja.no
Geir Kongslien	48237798	Trusopplærar og kontorfullmektig	gk662@kyrkja.no
Jovita Sofia Bergheim	48624468	Organist	jb459@kirken.no
Safet Vladovic	99221198	Kyrkjetenar i Røn og Lomen sokn Kyrkjetenar i Slidre sokn ved gravferd og vigsel. Ringar i Slidre Reinhaldar i alle sokna	vladovicmig21@yahoo.com
Magnhild Skjel	95821005	Klokkar i Røn, Øyjar og Lomen sokn	magskjel@outlook.com
Johanna Fuglesteg	90156613	Klokkar i Slidre sokn	johfugl@gmail.com
Einar Lome	99310408	Tilsynshavar i Lomen stavkyrkje	einar.lome@hotmail.com
Anne Berit Strømmen Strand	97597150	Kom. valt repr. i Kyrkjeleg fellesråd	

Gå inn på nettsidene til kyrkja i Vestre Slidre: <https://kyrkja.no/vestre-slidre>. Her finn du informasjon om alt som har med kyrkja å gjera!

*Me ynskjer alle ei god og fredeleg julehøgtid  
og eit godt nytt år!*

Helsing frå oss i redaksjonen

Sigrun Sørengen, Toril Olvik, Jovita S. Bergheim, Johanna Fuglesteg,  
Linda Krossøy og Marit Strømmen

E-postadresse til kyrkjebladet: vskyrkjeblad@gmail.com

 <b>SLIDRE BYGG</b>	 <b>Kampenes</b> - BEGRAVELSESBYRÅ - Tlf.: 61 36 17 70	<b>Valdres Motor &amp; Bilskade AS Ryfoss</b> Bilskader – Leiebiler – BMW Service
 <b>Vestre Slidre kommune</b> Heilt naturleg – ekta vare	 <b>Brødrene Snortheimsmoen</b> Graving – Transport – Mobilknusing 2960 Ren Tlf.: 957 26 310 – 917 92 750	 <b>Vestre Slidre El-installasjon A/S</b> Tlf.: 61 34 32 90 elektriker-slidre.no
 <b>RYFOSS</b> Tlf. 97068077 www.joker.no	 <b>Rakfisk</b> FRA VALDRES RØN GARD	 <b>TVEITABRU</b>
 <b>Selskap og bryllup Aktiviteter Catering</b> post@brennabu.no st. 36 61 31 62 brennabu.no	 <b>MASKINENTREPRENØR Ola Jørgen Fauske</b> Mob: 95 12 43 90 www.fauske.no	 <b>TAKSTKONTORET</b> valdres Tlf. 911 81 534 – Mail: post@valdrestakst.no
 <b>Haugrudbygg AS</b>	 <b>Fosheim Interiør</b>	 <b>Byggtorget</b> Fosheim Sag
 <b>Helle Kjøtt</b>	 <b>Valdres Varme &amp; Sanitar</b> Gunnar Hovda – Tlf. 481 27 903 Industrivegen 41 – Ryfoss	 <b>Wangensten AS</b> Golsvegen 23 2920 Leira i Valdres

Takk til alle annonsørar for støtte til distribusjon av bladet vårt.